

---

**Fra:** Per Oterholm  
**Sendt:** 5. oktober 2022 09:21  
**Til:** Postmottak OED  
**Kopi:** Sjølie Gro Caroline; Bosheim Siri Aspevik  
**Emne:** SV: Høring av NOU 2022: 6 Nett i tide – om utvikling av strømnettet

**Kategorier:** Lilla kategori

Hei,

Viser til e-post fra 4. og 8. september om utsatt frist for høringsuttalelse til NOU 2022: 6 Nett i tide - om utvikling av strømnettet.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort følgende vedtak i Fylkesutvalet den 3.10.2022:

**Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer å gi følgande høyringsvar til NOU-2022: 6 Nett i tide – om utvikling av strømnettet:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar opp om tiltaka som er anbefalt av Strømnnettutvalet. Forslag til anbefalte tiltak i utgreiinga må settast i verk snarast råd med følgjande tillegg:

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at kommunane si mynde etter Plan- og bygningslova framleis skal gjelde også for avgjerder som gjeld kraftsystemet, og ikkje avgjerast av energistyresmaktene med heimel i Energilova.
- I tillegg til å fastsette tidsfristar for å redusere ledetid, må det også fastsettast tidsfristar for kor lenge eit godkjent tiltak er gyldig.
- Elektrisitet er ein grunnleggjande infrastruktur i samfunnet. Kostnaden med utbygging og drift av nett må i større grad finansierast av storsamfunnet, og prioriteringa kan ikkje basere seg på dagens modellar for samfunnsøkonomisk nytte, jfr. Hurdalsplattformen: *"Sørge for at staten tar et ansvar for å få på plass infrastruktur der den trengs, og når den trengs, herunder at kapasiteten i strømnettet forsterkes i hele landet, og at konsesjonsbehandlingstiden kortes ned. Innføre en utjevningsordning som bidrar til jevnere nettleie i hele landet."*
- Møre og Romsdal fylkeskommune er kritisk til anleggsbidragsmodellen slik den er utforma i dag. Vi ber om utgreiing av ein alternativ anleggsbidragsmodell eller ein modell der tilknytingsavgift også vert vurdert.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vil sikre at også små stadbundne bedrifter og andre behov for auka kapasitet ikkje blir belasta med ein urimeleg kostnad. Leveringskvalitetsforskrifta sine krav må sjølv sagt oppretthaldast. Ein straumkunde må ha krav på at forsyninga har fullgod kvalitet utan at det må betalast ekstra for det.

2. Strømnnettutvalet må i tillegg få eit nytt oppdrag med mandat å foreslå ytterlegare tiltak for å redusere ledetida på utvikling og konsesjonsbehandling av alle nettnivå.

Mvh

**Per Oterholm**

Rådgivar - energi og grøen omstilling

Kompetanse- og næringsavdelinga

Tlf. 71 28 02 24 / 456 66 050

[per.oterholm@mrfylke.no](mailto:per.oterholm@mrfylke.no)